

10-19.03.2001

PRESTEGJELD

Hvorfor er kirkedømmerne stadig ikke i linje?

Kyrkje- helsing

Kyrkjelydsblad for Østerøy

Nr. 2 april 2001





Han er oppstaden

Sjølv om me har hatt vårjamndøgn er vinteren ikkje heilt huga til å sleppa taket. 5 minusgrader morgen og kveld i dag 22. mars. Men ute skin sola frå ein skyfri himmel og gjev oss von om ein ny vår.

I dette nr. kan du m.a. lesa andakt ved Brigt Skeie. Statstipendiat Nils Aksel Danbolt Mjøs skriv litt om diktsamlingane til Haldis Reigstad. Øyvind Vevle skriv om Fitje bedehus. Kantor Kåre Rivenes skriv om påskesalmar frå Kingo. Kristen Stang presenterar kantor og organist på deira nye kontor. På baksida finn de eit påskedikt av Haldis Reigstad.

Og sidan dette er påskennr. av Kyrkjeheising er det påskebodskapen som er det viktigaste. Påskedagen sin sigersbodskap om Jesus si oppstode, er for all tid den grunnspilar og kraft kyrkja og kristendomen bygger på. Alt det som elles strålar og blenker i verda bleiknar mot påskebodskapen. Her ser me kva Gud har gjort for å løysa oss ut or det vonlause mørkret som me alle laut leva og døy i dersom det berre stod på oss sjølve å koma til forlik med Gud.

Som tidlegare biskop Ragnvald Indrebø skrev i "Stille Stunder" 1. april i 1963:

"Oppstoda er sluttsteinen på dette Guds Frelesesverk. Gud sende Sonen til å lida og døy i vår stad, bera vår straff og skuld. Då Jesus stod opp var dette verket


fullenda, og Gud sette sitt segl på det: Ja, ne er det fullført. Fordi Sonen gav seg sjølv til eit offer for menneskeætta, gjer eg ei ny pakt med henne: For hans skuld skal kvar den som trur på han og Frelesesverket hans, finna himmelen open". (sitat slutt)

Måtte berre alle sjå og forstå dette eineståande tilbodet me her vart gjevne. Så lat oss då også i år samlast til gudsteneste i Gjerstadkyrkja Skjærtorsdag, og til nattverdgudsteneste i Hosangerkyrkja om kvelden. Når me ser på altartavla med måleriet av den første nattverden kjem alt så nært.

Det skal også vera nattverdgudssteneste i Bruvik same kvelden. Langfredag er det Pasjonsgudsteneste i Hamre og i Haus kyrkjer kl. 11. Påskeaftan er det påskennattsgudsteneste i Hamre kyrkje kl. 23.

Og lat oss samlast påskedag og i glede og takk jubla ut høgtidsverset:

*Han er oppstaden dyre ord!
For all vår synd er soning gjord,
no er Guds himmel open.
Min Jesus sigra då han braut
dei piler døden mot meg skaut,
og knuste mørkheims våpen.
Å røyst, mi trøyst!
Sjå med siger fram han stiger.
Bøtt er skaden. Han var død,
men er oppstaden.*



Påske = å gå forbi

Andakt av Brigt S. Skeie

«Windowsshopping» er eit engelsk uttrykk for det å gå rundt og kikka i butikkvindaugo utan å kjøpa noko. Det kostar ingenting å gå forbi og berre sjå. Men vi får heller ikkje noko med oss, anna enn opplevinga.

Påske betyr å gå forbi. Nokon vil kanskje seia at mange menneske berre går forbi kyrkja i påska. Går forbi utan å koma inn.

Ser vi på bakgrunnen for påskefeiringa i jødisk samanheng, er meiningsa med gå forbi: Guds engel hadde gått forbi husa der blod var stroke på inngangsdøra då dei var i Egypt, like før dei forlot landet. Straffa frå Gud ramma ikkje - den gjekk forbi. Ei god gå-forbi-hending.



jublende inntoget i byen, til kampen i Getsemane og vegen til krossfestning og gravlegging, og like til dagen då døden vart overvunnen.

Vi kan gå på ei kunstutstilling, og gå forbi alle biletene. Det kan vi også gjera med biletene i påske-vindauga. Gå forbi og tenkja at dette er ikkje noko aktuelt for meg. Går vi berre forbi, får vi heller ikkje noko med oss.

Påske har vi fordi Gud ønskjer at vi skal koma inn i hans hus og få med oss noko av det Gud har å dela med oss. Konkret kan dette vera nattverden, som jo første gong vart starta i påsken. Jesus delte nattverden med lærersveinane sine. Heller ikkje Judas gjekk han forbi!

Gud går ikkje forbi oss menneske. Går Jesus forbi livshuset mitt - utan at eg bryr meg om det og inviterer han inn?

Sjå, er står for døra og bankar på. Om nokon høyrer mi røyst og opnar døra, då vil eg gå inn til han og halda måltid, eg med han og han med meg. (Openb. 3, 20)

Velkommen inn i kyrkja i påska!

ADRESSELISTE FOR KYRKJELEG FELLESRÅD OSTERØY PRESTEGJELD

Kyrkjeleg fellesråd;

Leiar: Norvald Vedå
Nestleiar: Oddmund Vevle
Johannes Melve
Wenche Fiskeseth
Gyda Tveiten Lewis
Tor Lone
Alf R. Kallestein
Enni Revheim
Oddvar Hannisdal

Soknerådsleiarar;

Bruvik: Wenche Fiskeseth
Haus: Marit Skjeldal
Gjerstad: Roald Hauge
Hosanger: Sturle Litland
Hamre: Brit Vevle Raknes

Prestane:

Sokneprest Johannes Melve
tlf: 56 39 00 11 (prestebustad)
Kapelain Brigit S. Skeie
tlf: 56 39 31 00 (prestebustad)
Trefftider på **kyrkjekontoret:**
Tysdag 9-14, onsdag 9-12 og
fredag 9-14.

Organistane:

Liv Skoglund tlf: 56 39 26 64
(heime).
Kåre Rivenes, tlf. 56 39 06 26
(heime).

Kyrkjekontoret

(tidl. lensmannskontor)
Direkte innval:
D.L. Kristen Stang: 56 19 22 71
Sek. Mikal Toska: 56 19 22 72
S.p. Johannes Melve 56 19 22 82
Kap. Brigit S. Skeie 56 19 22 83
Kan. Kåre Rivenes 56 19 22 85
Org. Liv Skoglund 56 19 22 84

Tlf. 56192280
Fax. 56192281

Redaksjonsnemnda:

Kristen Stang
Sokneprest Melve
Olav Meltvik
Øyvind Vevle

Utforming:
Ostringen Reklame

Haldis Reigstad

v/Nils Aksel Danbolt Mjøs

Frå tidlegare sokneprest i Osterøy, Nils Aksel Danbolt Mjøs, har me fenge tilsendt litt omtale om diktsamlingane til Haldis Reigstad.
Mjøs har røter i Hosanger, og var sokneprest i Osterøy frå 1975 – 84, busett i Haus frå 1975 – 90. Han er no statstipendiat og bur i Bergen.



Mange kjenner Haldis Reigstad sine dikt og songar. Ho er f. Totland og voks opp i Samnan-ger. Etternamnet fortel at ho har tilknytning til Osterøy. I 1959 vart ho gift med lærar Asle Reigstad frå Valestrands-fossen. Dei budde ei tid på Bildøy. No er dei busette på Frekhaug i Meland kommune.

Nyleg fekk ho kulturpris i heimbygda si Samnanger, for dei 10 diktsamlingane sine. Ho har altså oppnådd å verta profetkvinne i heimbygda si.

I Salmer 97 er det teke med 2 salmar av Haldis Reigstad. Nr. 71 "Tett ved sida mi går Jesus," og nr. 112 "Åkrane kvitnar mot hausten." Den første står og i Sangboken som nr. 803. I Sangboken er og teke med nr. 254 "Guds altar på jorda er Frelsarens kross".

Den sjette diktsamlinga heiter "Kvilesteinen". Her skriv diktaren m.a. "I sin godelek har Jesus ført meg til kvilesteinar på vegen. Ein slik kvilestein fann eg i bestemor si krå, i augo til veslesøster og i opplevinga av den vakre naturen i heimbygda mi. Eg fann han i blomeenga, i fuglessongen og kring kjøkenbordet saman med mine kjære. Eg fann han i den mjuke handa, i det

varme smilet og i dei tindrande barneaugo. Endå til i sorga sitt mørke rom fann eg kvila. Jesus er kvilesteinen som aldri sviktar, for han er den levande steinen." Kvilesteinen vart trykt i 30.000 eksemplar. Haldis Reigstad har både naturdikt og skjemtedikt, t. d. om jentene Tuppen og Lillemor som går arm i arm, men no er dei støtt venner og greier jamvel å leva saman på eit rom på sjukeheimen.

Så er det om Julegjesten Jesus som berre er velkommen 24/12 kvart år sånn mellom kl. 15. og 16.

Haldis Reigstad har og gjeve ut C D, der ho les eigne dikt til musikk. På C D en skriv ho : "Det finst ei hamn som er fylt av fred. Mitt inderlege ønskje er at dikta og musikken vil kunna losa deg inn til denne hamna."

Ei ny diktsamling kjem til sumaren. Til saman har ho skreve omlag 1500 dikt. Borna og barneborna er svært musikalske og har sett tonar til mange av dikta. Nyleg har ho vore på turné på Sunnmøre saman med eit kor som kallar seg «Kor Kjekt». Dei song Reigstad-salmar, og diktaren las eigne dikt.

Det kristne bodskapet er det viktigaste i songane hennar, men og det å ta vare på kvarandre.

Diktsamlingane er utgjevne på Sambåndet Forlag, Bergen.

Guds altar på jorda

Haldis Reigstad.

Guds altar på jorda er Frelsarens kross
 der streid han mot Satan og sigra for oss.
 Hans kross er vår fristad, vår einaste von.
 Der gav han seg sjølv i sin einborne son.

Gud ynka, Det finaste han hadde skapt
 Låg knust under synda, var evig fortapt.
 Han kjøpte oss livet, det kosta han alt.
 På skuldbrevet vårt står det skrive betalt.

Så kan eg frimodig i striden her stå,
 for Jesus vil alltid ved sida mi gå.
 Han tek om mi veike og skjelvande hand
 Og leier meg trygt heim til himmelens land.

Eg takkar deg, Jesus, mitt liv skal du ha.
 Eg tena deg vil med dei gaver du ga.
 Til gagn for ditt rike, til ære for deg.
 Du, Herre, er lyset og livet for meg.

Fitje bedehus

v/Oyvind Vevle

Fitje indremisjon vart skipa den 9. april 1922. Det første styremøtet var 2. pinsedag same året, og desse var med i styret: Johs. Vassenden (formann og kassastyrar), Marta Unneland, Ole Aasen Fitje, Severin Grimstad og Johannes Fossdal. Møta var for det meste i gamle Fitje skule som stod nord-vest for verkstaden til Bjørne Låstad. I Lonevåg fekk indremisjonen snart tilbod frå Tov Olsen om hus, og den 27. sept. 1931 vart det vigslerefest for Lonevåg bedehus med medverknad av bl.a. Mons A. Hauge. I mange år var torsdagskveldane fast møtekveld i Lonevåg.

Utanom Fitje skule vart det også halde møte i Myking skule, i Svenheim skule eller i heimar. Etter kvart vart det tradisjon med ei årleg sumarstemne som samla mykje folk, også langvegsfarande, og då vart desse husa for små. Desse stemnene vart difor i godver haldne utandørs; i marka til Erik Fitje, eller i ruskever; i løa til Magnus Fitje.

Etter vekkjingane i krigsåra auka flokken som samlast til møta, og arbeidet med å reisa eit nytt bedehus på Fitje skaut fart. Ein hadde fått gratis tomt av Magnus Bjørndal. Og no gjekk det hand i hand med dugnadsarbeid og pengeinnsaling. Etter ein storm som la ned mykje furu i Svenheimsmarka, fekk indremisjonen tømmer til plankar og bord. I 1953 var huset så ferdig at det kunne takast i bruk, og sumarstemna kunne haldast der for første gong 12. juli 1953. Men det

tok enno 2 år før huset var så ferdig at det kunne vigslast. Det hende den 4. sept. 1955, og prost Ingolf Flesjå stod føre vigslingsgåva frå Gjestad indremisjon var ein Bibel med tilvising til Kol.3, 16-17: «Lat Kristi ord bu rikeleg hjå dykk så de lærer og påminner kvarandre.» Og dette

tok til å samla inn pengar til nytt hus der. Det gamle huset vart rive, og etter ei tid vart tomta seld med tanke på å skaffa ein ny tomt på ein meir høveleg stad. I år med god rente vokser dei innsamla midlane pluss ein god salssum for tomta til ein god slumppengar. Fitje indremisjon disponerte desse pengane. Med dei byggjekostnadene som no er, såg ein seg likevel ikkje syn med å byggja eit nytt bedehus i Lonevåg. Eit samråystes medlemsmøte i indremisjonen vedtok heller å bruka dei innsamla midlane til å byggja



har vore føremålet for arbeidet i huset som det er i eit kvart bedehus: Guds ord må få rom til formaning, oppbygging, tukt og trøyst. I mange år var det eit rikt yngresarbeid, særleg i 50- og 60-åra. Sentralt i dette arbeidet stod Osvall Fossdal ei tid, og Herbjørg Solberg seinare.

Sundagsskulen har hatt samværa sine der dei fleste åra og har det framleies. Den første tida var der eit stort musikklag som reiste ein del rundt og song på møte andre stader. Elles har indremisjonen hatt sine meir og mindre regelmessige møte der.

Bedehuset i Lonevåg var lite, og ein del medlemer i området

nytt inngongsparti med kjøkken og toilettavdeling på Fitje bedehus. Dette vart gjort i 1998, og den 20. sept vart det skipa til eit samvær som markerte at tilbygget var ferdig. Då var Audun Myksvoll frå Nordhordland indremisjon med som talar. Huset er no vorte mykje meir tenleg til samvær med matservering, og det har vore litt utelege. Men det framleies trøng for ein del oppussing både i møtesal og kjellar.

(Det meste er henta frå eit 60-årsskrift for Fitje indremisjon v/Osvall Fossdal.)

Kingo- påskesalmar

v/Kåre Rivenes

Via Dolorosa med Thomas Kingo som vegvisar


Då kong Christian 5. mot slutten av 1600-talet gav bod om ei ny salmebok for den dansk-norske kyrkja, visste han vel kor han skulle venda seg; den mektige biskopen i Odense, Thomas Kingo, var den leiande salmisten i

tida. Hans «Aandelige siunge-Koor» (første Part 1674, anden Part 1681) var vel kjend, også utanfor Danmark sine grenser. Så hadde Kingo dessutan skrive dikt til kongesalvinga i 1671.

Kongen ville ta vare på dei gamle salmane (frå Hans Thommissøns «Psalmebog», 1569), særleg Luthersalmane, men bad også Kingo å supplera utvalet med eigne tekstar.

«Påskens Sanger»

I 1689 var Thomas Kingo ferdig med første halvdel, den såkalla «Vinterparten» (advent - påske).



Heile salmeboka kom først i 1699.

Det er frå «Vinterparten» me finn dei fleste Kingosalmane som er tekne inn i dei seinare norske salmebøker. Særleg gjeld det pasjons- og påskesalmane. Her finn me særslig inspirert diktning. Så har då Kingo også fått tilnavnet «Påskens Sanger». Meir enn nokon annan salmediktar var biskopen oppteken av spenningsfeltet mellom den lidande (pasjon) Jesus og den seirande Kristus. Her, meinte Kingo, møter ein dei djupaste løyndomane i kristentrua.

Jesus å hør vår Jesus sjunger!

I den første av pasjonssalmane har Kingo latt seg inspirera av at Jesus og læresveinane hans song den siste kvelden dei var saman. (Påskelovsangen, jmf. Mt. 26, 30). Me blar opp i No. Salmebok (Nos) nr 142:

Hør en lovsang, høye himler,
lytt til sangen, englekor!
Hør en lovsang, folkevrimler,
alle som på jorden bor!
Jesus, fylt av tro og trøst,
løfter høyt i sang sin røst
før han går fra nattverdssalen
for å krysse Kedrondalen.

Jesus - hør vår Jesus sjunger!
Det er mer enn englesang!
Stille, alle engletunger!
Lytt til denne rene klang!
Himlens hele harmoni
settes nå i melodi
ved vår Jesu munn og hjerte
før han døden skulle smerte

Dette er ein særeigen salme. Når me les (syng!) den til ende,
registerer me ei djup undring;

du som verdens synd forsoner,
sang da dødens ve du så!

Dermed er Kingo midt i det store drama i påskeevangeliet, eit drama som byrjar palmesundag - dagen då Jesus reid inn i Jerusalem og folket med hosiannarop strødde palmegreiner på vegen han kom. Om dette syng Kingo:

Se hvor nu Jesus treder
hentil den morderstad,
enskjønt man ham bereder
så stort et blodebad.

Nos 134

og han fullfører i siste strofe:

Tillykke, ja tillykke,
min konge, gå av sted
min død å undertrykke!
Ha takk i evighet!

Via dolorosa

Thomas Kingo følgjer så meistaren vidare, inn på lidingsvegen, vandrande over Kedronbekken og inn i Getsemanehagen:

Over Kedron Jesu treder,
treder på sin bare fot,
mot den død man ham bereder.
Å, vi burde gråte blod!
Nos 123

Her er det ikkje lenger
palmegreiner som møter han:

Se hvor bladet har seg vendt,
nå er alle buer spent,
se hvor de på Jesus sikter,
mens ham hele verden svikter.

Jesu eigen strid i Getsemane
skildrar diktaren med djup
realisme:

Se hvor han med døden strider,
engstet i sin hjerterot.

Sjelekval ham søndersliter
og opprører alt hans blod!

Med denne utmalinga av Jesu kamp i Getsemene vil Kingo visa kor smertefull Jesu seier var. Også i arbeidet med salmeboka la Kingo stor vekt på pasjonen, og førte ein energisk kamp for å sikra desse salmene ein plass.

Jesu sju ord på krossen

Thomas Kingo tar oss med vidare, like til Golgata:

Gå under Jesu kors å stå
og la hans røst ditt hjerte nå!
Ja, stå i stillhet og gi akt
på det han har til avskjed sagt.
Nos 155

Han ber oss lytta til Jesu siste ord,
sju ord som er satt saman frå fleire evangelium.

Salmen har ei enkel forteljande form, uvanleg til Kingo å vera. Slik lar han Golgatahendinga tala med eiga tyngde. Samstundes har salmen innlemma vers som kommenterer hendinga:

For sine fiender, mild i hu,
han bad: "Min Far, forlat dem du!
For hva de gjør, det vet de ei,
forblindet går de syndens vei."

Be og for meg, o Herre min!
Du ser at jeg er svak og blind
på all min vei, i alt mitt verk,
men ved din bønn gjør du meg sterkt.

Kingos sluttar av pasjonen med ein lang salme med nok ei skildring av krossfestinga. Frå denne salmen er det i norske salmebøker berre tatt inn ei enkel

strofe, eit kjent og kjært salmevers for mange:

Skriv deg, Jesus, på mitt hjerte,
du min konge og min Gud,
at ei lyst, ei heller smerte,
deg formår å slette ut!
Denne innskrift på meg sett:
Jesus ifra Nasaret,
den korsfestede, min ære
og min salighet skal være.
Nos 597

Påske

Når me les og syng Thomas Kingo sine pasjonssalmar får me også eit glimt av lysglansen frå påskemorgonen. Når me no sluttar vandringa og til sist stansar opp ved diktaren sin store påskesalme «Som den gyldne sol frembryter», så finn me også her ein dobbel bunn; lidingstonane midt i seiersjubelen. Salmen sameinar det heile, mørke og lys, kamp og seier, pasjon og påske. Ein sjuarima takk bryt så gjennom i siste strofe:

Takk for all din fødsels glede,
takk for alt ditt guddomsord,
takk for dåpens hellig væte,
takk for nåden på ditt bord!
Takk for dødens bitre ve,
takk for din oppstandelse,
takk for himlen du har inne,
der skal jeg deg se og finne.
Nos 172



Velkommen til kyrkja

KYRKJESKYSS

For dei som ynskjer å koma til kyrkje, men har problem med skyss, er det mogleg å ringja til ein av desse:

Roald Hauge	tlf: 56 39 45 07
Astrid Mæle	tlf: 56 39 02 06
Marta Gjerstad	tlf: 56 39 20 31
Turid Njåstad	tlf: 56 39 24 59

Ver ikkje redd for å ta kontakt. Me ynskjer at folk kjem til kyrkje, og tykjer det er leitt at skysen skal vera eit hinder. Om ikkje dei oppsette personane kører sjølv, får dei andre til å gjera det.

Marta Gjerstad
Gjerstad sokneråd

Kyrkjesskyss til Haus kyrkje

Desse personane kan kontaktast pr. telefon:

Berit Torp	56 39 03 59
Bjarte Mjelde	56 39 04 64
Einar Johnny Selvik	56 39 43 37
Inger Margrethe Litland	56 39 01 17

Kyrkjesskyss
 til Hosanger
 frå Tysse,
 ring
 Olav Meltvik,
 tlf. 56 39 52 27.

6. april HOSANGER kl.10.45 Skulegudsteneste.

8. april Palmesundag. Joh. 12, 1-13

GJERSTAD kl. 11.00	Familiegudsteneste. Prost Kåre Mestad. Takkoffer til Ungdomsarbeidaren i Osterøy.
HAMRE kl. 11.00	Familiegudsteneste. Skeie. Dåp. Takkoffer til Ungdomsarbeidaren i Osterøy.

12. april Skjærtorsdag. Matt. 26, 17-29

GJERSTAD. kl. 11.00	Høgmesse. Melve. Nattverd.
HOSANGER kl. 19.00	Nattverdgudsteneste. Skeie. Takkoffer til Kirkens bymisjon.
BRUVIK kl. 19.00	Nattverdgudsteneste. Melve.

13. april Langfredag. Matt. 26, 30- 27, 50

HAMRE kl. 11.00	Pasjonsgudsteneste. Skeie.
HAUS kl. 11.00	Pasjonsgudsteneste. Kallestein.

14. april Påskeafta. Kol. 3, 1-4

HAMRE kl. 23.00	Påskennattsgudsteneste. Skeie. Melve.
-----------------	---------------------------------------

15. april Påskedag. Matt. 28, 1-8

HAUS kl.11.00	Høgtidsgudsteneste. Skeie. Nattverd. Takkoffer til Kirkens bymisjon, Bergen.
HOSANGER kl.11.00	Høgtidsgudsteneste. Melve. Nattverd. Takkoffer til Normisjon.

16. APRIL 2. PÅSKEDAG. LUK. 24, 13-35

BRUVIK kl. 11.00	Høgtidsgudsteneste. Melve. Osterøy kyrkjekor. Takkoffer til Normisjon (Santalmisjonen).
HAMRE kl.11.00	Høgtidsgudsteneste. Skeie. Takkoffer til Kristenrussprosjekt i Bolivia.
GJERSTAD kl. 19.00	Lovsongskveld. Nattverd.

20. april.

HOSANGER kl.18.00	Samtalegudsteneste. Skeie. Konfirmantar.
-------------------	--

22. april 1. sundag etter påske. 1. Kor. 15, 53-57

Gjerstad kl. 11.00	Høgmesse. Melve. Rektor Svein Granerud preiker. Takkoffer til Normisjon.
HOSANGER kl.19.00	Salmekveld. Osterøy kyrkjekor.

26. april.

HAMRE kl.18.00	Samtalegudsteneste. Skeie. Konfirmantar.
----------------	--

27. april.

BRUVIK kl.19.00	Samtalegudsteneste. Melve. Konfirmantar.
-----------------	--

29. april 2. sundag etter påske. Joh. 10, 11-16

Brumik kl.11.00	Konfirmasjonsgudsteneste. Melve. Takkoffer til Kyrkjelydsarbeidet.
Hosanger kl. 11.00	Konfirmasjonsgudsteneste. Skeie. Takkoffer til Kyrkjelydsarbeidet.

4. mai.

Haus kl.19.00	Samtalegudsteneste. Melve. Konfirmantar.
---------------	--

6. mai 3. sundag etter påske. Joh. 16, 16-22

Haus kl.11.00	Konfirmasjonsgudsteneste. Melve. Takkoffer til Kyrkjelydsarbeidet.
HAMRE kl. 11.00	Konfirmasjonsgudsteneste. Skeie.

GJERSTAD kl. 19.00 Takkoffer til Kyrkjelydsarbeidet.
Lovsongskveld. Nattverd. Osterøy kyrkjekor.

11. mai.
GJERSTAD kl.19.00 Samtalegudsteneste. Melve. Konfirmantar.

13. mai 4. sundag etter påske. Joh. 16, 5-15
Gjerstad kl.11.00 Konfirmasjonsgudsteneste. Melve.
Takkoffer til Kyrkjelydsarbeidet.
HØSANGER kl.11.00 Høgmesse. Skeie. Nattverd.
Takkoffer til Kristenrussprosjekt i Bolivia.

17. mai Lukas 1, 50-53
HAUS kl.10.00 Melve. Takkoffer til Sjømannsmisjonen.
HAMRE kl.10.00 Skeie. Takkoffer til Sjømannsmisjonen.
BRUVIK kl.11.00 Vikar. Takkoffer til Redd Barna.
GJERSTAD kl.12.00 Melve. Takkoffer til Osterøy Sundagsskulelag.
HOSANGER kl.12.00 Skeie. Takkoffer til Redd Barna.

20. mai 5. sundag etter påske. Joh. 16, 23b-28
HAUS kl.11.00 Høgmesse. Skeie. Nattverd.
HAMRE kl. 13.00 Dåpsgudsteneste.
HOSANGER kl.19.00 Høgmesse. Skeie. Nattverd.
Takkoffer til Kyrkjelydsarbeidet.

24. mai Kristi himmelfartsdag. Lukas 24, 46-53
GJERSTAD kl.11.00 Høgmesse. Melve. Nattverd.
Takkoffer til Radio Osterøy.

27. mai 6. sundag etter påske. 1. Peter 4, 7-11
RAKNESTUNET kl.11.00 Familiegudsteneste. Melve.
Sundagsskulesamling.
BRUVIK kl.19.00 Gudsteneste. Melve.
Takkoffer til Sjømannsmisjonen.

3. juni Pinsedag. Joh. 14, 23-29
GJERSTAD kl.11.00 Høgtidsgudsteneste.
Takkoffer til Nordhordland Indremisjon.
HOSANGER kl.11.00 Høgtidsgudsteneste.
Takkoffer til Kirkens SOS i Bergen.
HAUS kl.19.00 Gudsteneste.

4. juni 2. pinsedag. Joh. 3, 16-21
HAMRE kl.11.00 Gudsteneste for heile Osterøy. Eidsvåg
kyrkjelyd tek del.
ANNA PROGRAM Takkoffer til Bibelselskapet. Osterøy kyrkjekor.
utover ettermiddagen: Opning av kulturdagane,
konsert, m.m.

10. juni Treeiningssdag. Joh. 3, 1-15
HOSANGER kl.11.00 Gudsteneste. Vikar. Takkoffer til Fjøn
Fjellkyrkje.
GJERSTAD kl.11.00 Familiegudsteneste. Skeie. Utdeling av 8-års
bok. Takkoffer til Kyrkjelydsarbeidet.

17. juni 2. sundag e. Pinse. Lukas 16, 19-31
HAUS kl.11.00 Familiegudsteneste. Melve. Utdeling av 8-års
bok. Takkoffer til Barnearbeit i kyrkjelyden.
Grillfest i prestegardshagen.
HAMRE kl.11.00 Høgmesse. Skeie. Nattverd.
Takkoffer til Bispedømerådet.

24. juni Jonsok. Joh. 10, 40-42
BRUVIK kl. 11.00
KOSSDALEN kl. 12.00 Friluftsgudsteneste.

KONFIRMASJONER

29 april: Bruvik og
Hosanger
6. mai: Haus og Hamre
13. mai: Gjerstad

Hosanger sokneråd skipar til konsert i Hosanger

kyrkje
laurdag 9. juni
kl. 19.00 med:

Synnøve Tolaas
-song-

Anne Reidun Duesund
-fløyte-

Ragnhild Rokset
-piano-

Musikarane har kalt
programmet sitt
«Eg går i tusen tankar»
og komponistane som
Händel, Bach, Grieg og
Hovland er med.

Konsert i Gjerstad kyrkje



Velkommen til
Pasjons-konsert
i Gjerstad kyrkje
8. april kl. 19.00.
Kr. 80/40

Familie-nytt



HAMRE

Døypte:

- 07.01. Synne Andrea Bolset (retting)
28.01. Kristin Tveiterås
28.01. Benjamin Skage Grinde
11.02. Mathias Holmelid Elvik
11.02. Thomas Ystheim Reigstad
25.02. Nora Gjerde Mjelde
04.03. Erik Olsen (døypt i Os krk)
11.03. Tarikwa Reigstad
11.03. David Kallekleiv
11.03. Carmen Valenti
11.03. Kristine Åsheim

Gravlagde:

- 25.01. Jens Flæsland (f. 1918)
13.02. John Hjellvik (f. 1914)
20.03. Margit Birkeland (f. 1903)

HOSANGER

Døypte:

- 04.03. Marte Rolland

Gravlagde:

- Ole T.M. Hanstveit (f. 1904)
Brita Kleiveland (f. 1913)
Kjell E. Tysse (f. 1928)
Oliva Stokke (f. 1911)

BRUVIK

Gravlagde:

- 09.02. Magnus Stokke (f. 1901)

GJERSTAD

Døypte:

- 18.02. Sigrid Haugen Greve
18.02. Ane Hannisdal
18.03. Frida Bergan
18.03. Ihne Nese
18.03. Aleksander Hagebø Lone
18.03. Christian Vevle

Gravlagde:

- 16.02. Arnt Martin Småland (f. 1918)

HAUS

Døypte:

- 11.02. Kristian Steinsland Bøe

difor

Kjære Ostring

I dag - meg
I morgen - deg.

Vi treng alle ei
Hand å halde i.

Kan du hjelpe
Eller treng du hjelp?

Ikkje gru deg-
Ta kontakt på telefon

56 19 21 27
eller

56 39 18 21


Frivillighetssentralen



Kyrkjekontoret

V/Kristen Stang

Vi har tidlegare lova at vi skal orientere meir frå verksemda på kyrkjekontoret. Dette er difor starten på ei serie der du etter kvart får helse på alle dei som no har arbeidsplassen sin der. Kan hende er det rettare å sei «kontorplassen», for både prestane og organistane er jo mykje på farten kring om på øya i kyrjer og forsamlingshus m.v..

Denne gongen skal vi vitje musikkavdelinga, som held til på dei 2 kontora i sørvestre delen av bygget. Her finn vi Liv skoglund og Kåre Rivenes som har ansvaret for kyrkjemusikken på Osterøy. Etter gammalt nemner vi dei som organistar, men no er også «kantor» nytta som yrkestittel. Det har å gjere med lengda og innhaldet i utdanninga.

Liv Skoglund er tilsett i 70% stilling i kyrkja. Ved sida av det har ho ei mindre deltid stilling som musikklærer på Valestrand skule. Ho har til vanleg ansvaret



for Hamre og Hosanger sokna. Liv spelar til gudstenester og gravferder, og tek elles del i dei aktivitetane som har med kyrkjemusikken å gjere. M.a. har ho leia barnekor både i Hamre og Hosanger. På mellomalderdagen på Hamre fjarøret hadde ho også mange og viktige oppgåver. I det heile er Liv ei primus motor i området når det gjeld tiltak på song- og musikksida.


Liv Skoglund bur høgt og fritt oppe på Horsås. Med utsyn til «sju prestegjeld». Det er fint å bu så nær himmelen seier ho sjølv, og vi tykkjer staden er vel verdt ei vitjing, men då skal du vere

godt skodd, - både sumar og vinter.

Kåre Rivenes er tilsett i heil stilling i kyrkja. Han har til vanleg ansvaret for Bruvik, Gjerstad og Haus sokn når det gjeld kyrkjemusikk, men Liv og han veksler også om speleoppgåvene i feriar og på fridagar, og elles når det høver. Kåre har også ansvaret for Osterøy kyrkjekor, og leiar barnekor i Bruvik og Haus. Han er også med og føreburer Ung Messe, tek del i konfirm antarbeidet og spelar på sjukeheimen når det er trøng for det.

Kåre bur på slektsgarden oppe på Rivenes. Også frå bustaden hans er der eit flott utsyn over fjord og fjell. Vegen opp hit er nok i noko betre stand enn vegen til Horsås, men til gjengjeld er han mykje lengre fram til det vi kan kalle hovudveg.

Lesarane forstår nok at organistane/kantorene våre har mange og store gjeremål på mange plassar, slik at du nok bør sikre deg ei avtale på førehand om du skal være sikker på å treffe dei på musikkavdelinga i kontorbygget, men dei er elles greie og liketil folk, som vi kan geje vårt beste skotsmål.





På kyrkjebakken

RYDDING PÅ KYRKJEGARDANE.

Som vanleg startar vi fellesryddinga på kyrkjegardane første onsdagen etter påske. Då fjernar vi dei kransane og vinterdekket som ligg att. Dei som ynskjer å take vare på dette sjølve må difor syte for dette før onsdag 18. april.

Vi minner også om at Kyrkjekontoret no står for ei ordning med stell av graver mot ei godtgjersle. Ta gjerne kontakt med Kyrkjekontoret om dette, eller om ein av ulike grunner no ynskjer at gravminnet vert fjerna. Ustelte og forsømte gravminne er i alle høve ikkje noko pryd på ei kyrkjegard.

Kristen Stang

2 PINSEDAG 2001 PÅ HAMRE

(Førebels program).

11.00 Gudsteneste i Hamre kyrkje for heile Osterøy. Eidsvåg kyrkjelyd tek del.

12.10 og utover til konsertstart: Sal av kaffi, saft, lappar o.l. på Hamre skule.

12.30 Opning av kulturdagane Osterøy år 2001 v/Erling Hagbø. Utdeling av kulturprisen i Osterøy (ordf. Ove Kleiveland. Songinnslag v/Kjersti Wiik. Hamre/Hjellvik musikklag spelar. Opning av utstilling i prestehuset. Utstillar: Ivar Jørdre, oljemåleri og teiknignar.

13.30 Den gamle kyrkjbåten kjem for å stå i prestenaustet. Hamre/Hjellvik Musikklag helsar han velkommen.

14.30 Konsert i Hamre kyrkje. Lokale salmar og religiøse folketonar. Kjersti Wiik (song), Laila Kolve (fløyte), Jan Inge Wiig Andersen (tangentar), Osterøy kyrkjekor, dir Kåre Rivenes.

Arrangementet er gratis, men det vert inngangspengar til konserten.

SOKNERÅDSVAL

Til hausten er soknerådsval. Kyrkjhelsing har "plukka" litt frå bladet Kirkeaktuelt nr.1 2001.

Kirkerådet har tilsett Siren Eriksen som informasjonskonsulent om soknerådsvala 2001. Ho kjem frå ei stilling som informasjonskonsulent ved Rikshospitalet. Kyrkjemøtet 2000 framheva at sokneråda har ei viktig oppgåva i kyrkja. Det vart understreka at alle kyrkjemedlemmer har eit ansvar for kyrkjelyden sin, og for å vera med å velja gode, funksjonsdyktige og representative råd. Ved valet i 1997 røysta berre 3 % av medlemmene i den norske kyrkja. For å sikra demokrati og breidde er det viktig at fleire engasjerer seg og røystar.

Det er viktig å spreia bodskapen om soknerådsvalet, og gjera kjent muligheita for å stilla til val og til å røysta.

Sokneråda står framfor interessante oppgåver også i komande periode. Erfaringa syner at mange opplever det spanande å vera med i soknerådet. Det gjev innsikt, kunnskap og ferdighet. Det er interessant, utfordrande og lærerikt og det gjev eit godt fellesskap. I Osterøy har me 5 sokneråd. Valet skal vera i oktober.

Så me oppfordrar oistringar som vert spurde om å stilla til val i dei ulike soknene om å vera positive og seia ja til dette.

Meir om soknerådsvalet i neste nr.

PÅMINNING OM PÅSKEFRUKOST

i Haus kyrkjelydshus. Også i år vert det påskefrukost 1. påskedag frå kl. 09.15.

Påmelding før onsdag 11 april til Marit Skjeldal tlf. 56 39 00 51.



På kyrkjeveg

Det var ein sundagsmorgen i 1893. På Gardemoen stod tredje kompani av Kristiania bataljon oppstilt i open firkant utanfor brakka. ”Det er gudsteneste i lokalet i kveld”, sa kapteinen, ”og dersom nokon ynskjer å gå dit, får han stiga fram.”

Heilt stille i geledda. Ingen rørde seg, det var noko av ei vedkjenning å stiga fram. Og det var ikkje så greitt. Brått vart stilla likevel broten. Ein høgreist kar med ørnенase steig fram og stod åleine framfor fronten med alle augo vende mot seg. Det var Roald Amundsen.

Det varde ikkje lenge før ein annan stod ved sida hans, og med det gjekk det ”hol på byllen”. Gutane kom frå alle kantar. Og det vart ein stor tropp som marsjerte til kyrkja med Roald Amundsen i brodden.

Det har ikkje lite å seia at nokon har mot til å bryta ut og gå føre. Kan henda vil Gud at du skal hjelpa nokon til å få mot til å gå?

Det har heller ikkje så lite å seia kva føredøme ein syner. Den som går, vil gjerne få andre med. Den som sjølv let vera å gå til kyrkje, er med og påverkar andre til å la det vera, både i sin eigen heim og vidare utover. Då gjer ein Guds rike ei ring teneste. – Ver du eit godt føredøme.

Denne vesle påminninga fann redaktøren i ”Stille Stunder” nr. 17, 15 nov. 1965.
Å syna eit godt føredøme ved å samlast i kyrkja er framleis like viktig.


Takk

Me takkar hjarteleg for alle blomar, helsingar, bøner og omtanke i den tida Brynjulv var sjuk og no etter dødsfallet og gravferda. Det er godt for oss å vita mange har vore med oss i den tida.

Når me no står framfor påskehøgtida, er det godt å minna om Jesus er «Herre over dødens makt». Me ynskjer alle god påske!


Deg være ære,
Herre over dødens makt!
Ewig skal døden være
Kristus underlagt.
Lyset fyller haven,
Se, en engel kom,
åpnet den stengte graven.
Jesu grav er tom!

Borghild og Johannes Melve.



Det gode livet - kvar vart det av?

-var emnet for Prostidagen i Austrheim 17. mars. Lege og psykiater Hans Olav Tungesvik var foredragshaldar.



Han hadde problem med å koma i gang. Humor og latter er ein del av det gode livet, sa han, men møtte ta seg ei tid før han greidde å fortelja den første av mange vitsar. Latter er godt både for den fysiske og mentale helsa. Kjenner vi latteren ned i magen, har vi fått smaka ei flik av det gode livet. Den skaper fellesskap, styrker sjølvbiletet, så vel som immunforsvaret. Latter motverkar angst, stress og sørnvløyse. Er det mogeleg å ha eit godt liv i vår tid med så mange stressmoment? var eit spørsmål han stilte. Og svara med at han håper at tankane hans kan skapa

ein god sirkel. Vi må finna balanse mellom spenning og avspenning, arbeid og kvile, kreasjon og rekreasjon. Vi menneske treng programfrie samver. Tungesvik liker ikkje ordet utbrent. Eit utbrent hus kan ikkje brukast lenger. Ein utbrent bil er det berre å få på bosshaugen. Han liker betre orda utlading, uttapping. Eit uttappa basseng kan fyllast igjen. Ein utlada batteri kan ladast igjen. Det kan også eit menneske som har brukt opp kreftene sine. Når grensa for det eit menneske kan tåla nærmar seg, meiner han at det må læra å gje blaffen og dyrka

latskapen. Det som slit mest er ikkje det vi får gjort, men det vi ikkje får gjort. Det er det som gjev dårlig samvit og tapper kreftene mest.

Forhold til andre menneske er noko som anten gjev oss krefter eller tapper oss for krefter. I andre økt av foredraget kom han inn på sorga ein ikkje ser, sorga utan blomar: Samlivskriser og samlivsbrot. Ei samlivskrise er vanlegvis også ei livskrise. Det å dela det gode og det smertefulle med nokon vi kan stola på, høyrer med til det gode livet. Vi treng trygge, nære og pálitelege personar rundt oss. Alle saman treng vi opplevinga av å verta verdsette, verta inkluderte og få ros.

Som medarbeidar treng eg nokon som :

Bryr seg om meg
Viser meg tillit og utviklar meg
Støttar meg
Rettar meg
Viser meg noko nytt
Set pris på det eg gjer
Held meg informert
Gjev meg ansvar og sjølvstende
Er klar og open
Er inspirerande

Skal vi førebyggja frustrasjonar og konfliktar, trengs:
ærlegdom
åpenhet: spelar med opne kort
Direkte tale (unngå dobbelt-kommunikasjon)
å skape tryggleik
å skape trivsel, m.a. ved å gje ros
Unngå at menneske får tapar-opplevingar
Kom ikkje med truslar!
Still ikkje ultimatum!

(referat ved Brigit S. Skeie)

Pasjonspelet

Sist sumar var det igjen tid for oppføring av Pasjonsspelet i den vesle landsbyen Oberammergau lengst sør i Tyskland. Slik har det vore kvart 10. år heilt frå 1600-talet, då innbyggjarane lovde at det skulle dei gjere om dei gjekk fri frå pestsjukdomen som raste kring om i distrikta. No er dette spelet vorte kjend vidt ikring, og rundt om frå heile verda kjem det folk for å vere vitne til påskedramaet, der vi følgjer Jesus frå inntoget i Jerusalem, gjennom korsfestning og død til oppståinga.

Frå sist i april til ut i oktober er



det 3 framsyningar i veka i det store spesialbygde pasjonsteateret, som rommar om lag 5000 menneske. Med ca. 100 framsyningar vert det i alt ca. 1/2 million menneske som tek del i denne opplevinga. Vi hadde fått billetter til ei framsyning midt i juli månad. Salen var fullsett med

i Oberammergau år 2000

v/Kristen Stang

folk frå mange nasjonar. Like att med oss sat der ein heil flokk med eldre kvinner, som hadde teke turen heilt frå Johannesburg i Sør-Afrika. Dei var tydelegvis svært opptekne og gripne av framsyninga. Talemålet på scena er tysk, med det vert levert ut teksthøfte på alle hovudspråka.

også vere mange born.

Oberammergau er også kjent for treskurden sin. I landsbyen er der ei rekke treskerarar som driv eigne utsal, og særleg er det mykke treskurd med bibelske motiv. I ein av butikkane kjem vi i snakk med eigaren, som stolt syner fram biletet frå orkesteret til pasjonsspelet, der han og tri av borna spelar fiolin. Han fortel også at kona hans syng i koret. Heile familien har såleis travle dagar i full fart mellom teateret og butikken.

Turistverksemd er naturleg nok ei anna viktig næring i Oberammergau, og på hotellet vi bur treffer vi Judas frå pasjonsspelet, som er hotelldirektør til kvarvards. Han har sjølv sagt også ei svært travel tid i veksling mellom teater og hotel.

Nokre spør om det ikkje kan verte mykke forretning og handel, og lite Gudstru og innleiving, når folk skal springe slik til og frå. Det er ikkje mitt inntrykk. Mi erfaring er at mange tek førebuingane til pasjonsspelet svært alvorleg også når det gjeld Gudstrua. Sjølv om ein nesten alltid finn ei fullsett kyrkje til gudstenestene, ser det ut for at der er ekstra stort frammøte i førebuingstida til pasjonsspelet

No er det altså 9 år til neste framsyning i 2010. Billetter bør du skaffe deg i god tid, helst alt om 8 år frå no. I mellomtida kan du likevel ha godt utbyte av å vitje den vakre vesle landsbyen oppe mellom fjella i Bayern. I teaterhuset er der omvisingar, slik at du kan få ei god forståing av pasjonsspelet. Den store Peter og Paulus kyrkja er også vel verd ei vitjing. Sjølve hadde vi vitja staden ei rekke gongar før vi for fyrste gong var på ei framsyning fjaråret.

Av dei om lag 5000 innbyggjarane i Oberammergau, og det er berre dei som får vere med i spelet, er det ca. 3000 som er direkte engasjerte i framsyninga. På scena kan det vere fleire hundre som er med i eitt opptrinn, og av dei kan det

Nøkkelen ligg i ei naglemerkt hand

Levande vaten får vi ved krossen,
der renn den kjeda som aldri vert tom.
Jesus har gitt oss ei fullkommen glede,
han som med liv til kvart menneske kom.

Alle har synda, ingen er reine,
alle har brote Guds heilage krav.
Jesus gjekk inn under himmelens vreide,
Golgata vitnar om livet han gav.

Sundbroten vart han, knust under straffa,
skuldlause hender laut bera vår kross.
Jesus betalte vår skyhøge rekning,
dødsdommen tok han i staden for oss.

Døra står open inn til Guds rike,
nøkkelen ligg i ei naglemerkt hand.
Jesus har makt til å føra oss alle
jublante inn i det himmelske land.

Haldis Reigstad

